

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 15. november 2016.

Tilstades: Regionordførar Erik Skjervagen, Jon Rikard Kleven, Tarjei Gjelstad, Jaran Felland, Halvor Homme, Halfdan Haugan, Ketil Kiland, Anders Sandvik, Øystein Tveit, Kari Gro Espeland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Tilstades frå Telemark fylkeskommune var fylkesvaraordførar Hans Edvard Askjer og regionkontakt Therese Lahus.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent med ein tilleggssak omkring mogleg samanslåing av Vestfold og Telemark.

Sak 42/2016. Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 18. oktober 2016.

Vedtak: Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 18. oktober 2016 vert samrøystes godkjent.

Sak 43/2016. Forslag til budsjett 2017 for Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag til budsjett 2017, med eit driftsbudsjett for Vest-Telemarkrådet på kr. 4 514 000,-.

I tillegg var det budsjettert med kr. 1 710 000,- i skjønnsmidlar, kr. 895 000,- til gjennomføring av ByRegionprogrammet, kr. 250 000,- til klyngesamarbeidet samt planlagt bruk av avsette fond med kr. 1 448 000,-. I alt eit budsjett for 2017 på kr 8 812 000,-.

Ole Dalen orienterte nærare om dei enkelte budsjettpostane, og etter nærare drøfting og innspel vart det gjort fylgjande vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2017 med tanke på endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 6. desember 2016. Det skal innarbeidast eit tillegg i budsjettteksten omkring arbeid med digitalisering.

Administrasjonen skal også legge fram forslag til revidert budsjett for inneverande år med tanke på handsaming i Tingmøtet 6. desember.

Samrøystes vedtak.

Sak 44/2016. Forslag til møtekalender 2017 Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag til møtekalender 2017 for Vest-Telemarkrådet med tysdag som fast møtedag og same antal møte som føregåande år. Grunna kollisjon med ein KS-konferanse vart det gjort ei endring i datoen for det fyrste møtet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2017 med ei flytting av februar-møtet frå 7. til 14. februar. Samrøystes vedtak.

Sak 45/2016. Forslag til møtested og sakliste til møtet i Tinget 6. desember.

Det låg føre forslag på Fyresdal Næringshage som stad for møtet i Tinget 6. desember, samt forslag om nærare orientering og drøfting rundt temaet: "*Samspel mellom by og land som kjelde til økonomisk vekst*"

Under drøftinga kom det fram forslag om å endre det faglege temaet til "*Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark*" med ei nærare orientering om tiltaksplanen og arbeidet som er sett i gang rundt dette.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til forslaget om å legge møtet i Tinget 6. desember til Fyresdal Næringshage. Arbeidsutvalets medlemmer saman med Halvor Homme og Ketil Kiland får mandat til å fastlegge det faglege temaet på saklista til Tinget. Samrøystes vedtak.

Sak 46/2016. Mogleg felles valnemnd / ordførarforum.

Etter innspel om å opprette ei felles valnemnd/ordførarforum for samansetjing av styre til dei ulike kommunalt eigde selskapa, drøfta Rådet nærare rundt 2 konkrete innspel:

- *Valnemnd bestående av 3 ordførarar, 2 opposisjonsleiarar og 1 rådmann*
- *Ordførarforum bestående av dei 6 ordførarane i regionen*

Det låg også føre 2 tidlegare notat om styrerepresentasjon utarbeidd av hhv Ketil Kiland og Hans Kristian Lehmann.

Etter nærare drøfting vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet vedtek at ordførarane pluss leiar av rådmannsutvalet skal utgjera valnemnd for dei ulike interkommunale selskapa der det ikkje er eiga valnemnd. Rådmannen er sekretær for gruppa og har forslagsrett men ikkje stemmerett.

Sak 47/2016. Fiberutbygginga i regionen - status og planer

Til møtet 15. november hadde Vest-Telemarkrådet invitert ein representant for Vest-Telemark Kraftlag/ Telefiber til å gje status for fiberutbygginga i regionen og orientere om planene for vidare utbygging. Nettsjef Gunnar Snarteland frå Vest-Telemark Kraftlag var tilstades og gjekk gjennom utbyggingsplanene for kvar enkelt kommune. Kraftlaget er leverandør av ”svart kabel” medan Telefiber leverer innhaldet. Utbygginga skjer både til dei fastbuande og til hyttene i regionen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 48/2016. Statens vegvesen, orientering

Kjell Solheim og Gro Rønningen frå Statens vegvesen var tilstades og orienterte nærare om rulleringa av Nasjonal Transportplan 2018 – 2021/2023.

Plangrunnlaget inneheld 5 ulike økonomiske rammer, der til dømes høg ramme tilseier 932 mrd kroner over perioden på 12 år.

Dei ulike regionane innan vegvesenet utarbeider handlingsprogram med forslag til prioriterte prosjekt i planperioden, og ei rekkje utbetningsprosjekt er alt ført opp.

Kommunane/regionråda er invitert til å kome med innspel/forslag til prioriteringar i god tid før 1. april 2017.

Stortinget skal handsame innspela i juni, og endeleg handlingsplan og budsjett skal vedtakast i januar 2018 etter ein føregåande høyringsperiode.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande, og vil kome attende til nærare drøfting av innspel til handlingsprogrammet.

Sak 49/2016 Forsering av delprosjektet Seljestad - Røldal. Brev til samferdselsdepartementet.

I brev som låg føre frå E134 Haukelivegen AS var mellom andre Vest-Telemarkrådet bedt om å stå som med-avsendar av brev til Samferdselsministeren om forsering av delprosjektet Seljestad - Røldal. Brevet fekk klår støtte frå Rådet, og det vart gjort fylgjande samrøystes vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til innspelet frå E134 Haukelivegen AS om forsering av delprosjektet Seljestad - Røldal på E134, og vil stå som med-avsendar av brevet til samferdselsministeren.

Sak 50/2016 Orienteringssaker.Etablerertenensten.

Ole Dalen orienterte nærare om etablerertenensten, som frå 1. januar 2017 får ei anna organisering. Vest-Telemarkrådet budsjetterer med kr. 450 000,- til denne tenesten i 2017, medan tidlegare finansiering på kr. 300 000,- frå fylkeskommunen har falle bort.

Det er utarbeidd forslag til partnerskapsavtale mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge Telemark, Fylkesmannen og dei 4 kommuneregionane i Telemark. Avtaleforslaget er godkjent av fylkeskommunen, og skal opp til politisk handsaming i kommunane.

ByRegionprogrammet.

Ole orienterte nærare om ByRegionprogrammet, som har vist seg å vera ein viktig reidskap i den regionale utviklinga. Ein er no omlag halvvegs i prosjektperioden, prosjektet er godt forankra og har ei god og funksjonell organisering.

Eitt av innslag i prosjektet er ei styrking av den komande VT-konferansen.

Ei storsamling i regionen er planlagt dagane 19. - 20. april 2017, og vil finne stad på Dalen Hotell

Interkommunalt samarbeid.

Ketil Kiland orienterte nærare frå tiltaksplanen for Interkommunalt samarbeid, organiseringa, finansieringa og litt om dei ulike prioriterte tiltaka.

Rådmennene, saman med representantar for hhv verneomboda og dei hovudtillitsvalde, er styringsgruppe for prosjektet. Tiltaksplanen inneheld 5 konkrete forslag til tiltak/samarbeidsområde. Kommunane skal i nær framtid handsame tiltaksplanen, og tilbakemeldingsfrist/møtedato for styringsgruppa vert etter ynskje endra til 16. desember.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek dei ulike orienteringane til vitande.

Sak 51/2016. Regionreform – høyringsbrev om intensjonsavtale gjeldande mogleg samanslåing av Vestfold og Telemark.

Saken kom opp som tilleggssak på grunnlag av eit nyleg utsendt høyringsbrev der Telemark fylkeskommune inviterer kommunane til å kome med synspunkt på forslag til intensjonsavtale gjeldande samanslåing av Vestfold og Telemark fylke.

I ordskiftet i saken vart det mellom anna peika på den svært korte uttalefristen som er sett til 6. desember og der endelegt handsaming av saken skal skje i Fylkestinget påfølgjande dag.

Fylkesvaraordførar Hans Edvard Askjer gjorde nærare greie for prosessen, der fristen for tilbakemelding er fastsett av kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet har i uttale datert 27. oktober sagt nei til samanslåing av dei 2 fylka, og finn ikkje grunn til å koma med ytterlegare uttale i saken.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes